



## MØTEINNKALLING

---

**Utval:** Administrasjonsutvalet  
**Møtedato:** 29.11.2018  
**Møtetid:** Kl. 13.00  
**Møtestad:** Kommunehuset

---

*Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling*

Forfall til møtet må meldast snarast råd til sørvissenteret (tlf. 56 58 74 00 eller e-post [postmottak@samnanger.kommune.no](mailto:postmottak@samnanger.kommune.no)), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til sørvissenteret.

Advokat Øyvind Gjelstad frå KS blir med (via telefon) på møte.

Knut Harald Frøland  
ordfører

**SAKLISTE****Saker til handsaming på møtet**

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Merknad</b>
006/2018	18/1714	Faste saker	
007/2018	18/1210	Arbeidstid og spisepausar for tilsette i Samnanger kommune	

**Oversikt faste saker**

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte
- Delegerede vedtak/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Heidi Gjerde	<b>Arkivkode:</b> FE-033
<b>Arkivsaksnr:</b> 18/1714	<b>Løpenr:</b> 18/9097
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Administrasjonsutvalet	29.11.2018	006/2018

### Faste saker

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

#### Oversikt over faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste.  
 Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.  
 Delegerte vedtak/referatsaker.  
 Utvalet sitt kvarter.

#### Orienteringssaker:

- Status overføring av IKT-drift til IKT Nordhordland
- Status konsulentgjennomgang av kommunen sine tenester (Fjornes)
- Status budsjett/økonomiplan



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Jan Erik Boge	<b>Arkivkode:</b> FE-403
<b>Arkivsaksnr:</b> 18/1210	<b>Løpenr:</b> 18/9080
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Administrasjonsutvalet	29.11.2018	007/2018

## Arbeidstid og spisepausar for tilsette i Samnanger kommune

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

### Dokument som ikkje er vedlagt:

Hovudtariffavtalen, Arbeidsmiljølova

### Kva saka gjeld:

«skriv her» Administrasjonsutvalet gjorde 20.09.2018 følgjande vedtak i sak 005/2018:

- «Det skal på neste møte i administrasjonsutvalet leggjast fram oversikt som viser arbeidstid og spisepausar for alle grupper av tilsette i kommunen. Rådmannen må i tillegg leggja fram kva endringar ho meiner bør gjerast i forhold til i dag når det gjeld arbeidstid og spisepausar for tilsette.»

På grunn av sjukdom har rådmannskontoret dessverre ikkje fått utgreidd denne saka til administrasjonsutvalet sitt møte 29.11.2018. Saka vert likevel sett opp på sakskartet til dette møtet. Bakgrunnen for dette er at ein viktig premiss i denne saka er å få avklart om det er høve til å endra den noverande arbeidstidsordninga for kontoradministrasjonen i kommunen. Det er avtalt med advokat Øyvind Gjelstad frå KS at han blir med på telefon på dette møtet, for å bistå med å avklara dette spørsmålet.

Arbeidstidsordninga for kontoradministrasjonen i Samnanger kommune er som følgjer:

- Arbeidstid pr. veke på 37,5 time inkl. spisepause i sommarhalvåret
- Arbeidstid pr. veke på 38,75 timar inkl. spisepause i vinterhalvåret
- Dette utgjer ei gjennomsnittleg arbeidstid pr. veke for heile året på 38,125 timar inkl. spisepause.

Denne arbeidstidsordninga har vore drøfta i administrasjonsutvalet fleire gongar. Utvalet har også drøfta om det vil vera høve til å endra denne arbeidstidsordninga (for eksempel til 37,5 timar

arbeidstid pr. veke heile året inkl. spisepause), utan at det har lukkast å koma fram til eit eintydig svar. I administrasjonsutvalet 29.11.2018 vil advokat Øyvind Gjelstad informera om hovudtariffavtalen sin sikringsregel om arbeidstid for kontoradministrasjon (§ 4.2.1). Han vil også informera om kva endringar som kan gjerast i forhold til den noverande arbeidstida for kontoradministrasjonen i kommunen, samt svara på spørsmål frå administrasjonsutvalet om arbeidstid og spisepausar.

Utgangspunktet for den noverande arbeidstidsordninga for kontoradministrasjonen i Samnanger, er at det i 1986/1987 kom inn ein sikringsregel i hovudtariffavtalen, om at «*Kontoradministrasjonens ordinære arbeidstid skal være den som nå gjelder i den enkelte kommune*». Arbeidstida for kontoradministrasjonen i Samnanger var på dette tidspunktet som beskrive ovanfor, og har ikkje vore endra sidan. Sikringsregelen står framleis i Hovudtariffavtalen, og har gjort det samanhengande heilt sidan 1986/87.